

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vassbering

Oppskr. av:

(adresse):

Fylke: Nordalund

Herad: Ullensvang

Bygdelag: Vikebygd

Gard: Rjoto

G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Noko av eiga røynsle
 Vilhelm Rjoto og Gurid Rjoto

SVAR

1. Ein har boren heim vatnet med vassåke og to byttor. Vassåket vert kalla vass-sell her. Her har ein brukt ein type som ~~som~~ kviler på på begge skelene. Der er utholten spring for halsen midt på åket. I begge endane heng det kjettirugar ikr. 6,5 m. lange. I endane på disse er der jarn-krokar til å hengja byttane i. Me veit ikkje sikkert kva tid dei stutta å bura vatn i byttor.
2. Ein har ikkje henta vatn i utkar med to øyror på, som ein stekk ei stong gjennom. Me veit ikkje om at her har vore brukt noko til å hindra at vatnet skvatt ut byttane.
3. Ein har ikkje brukt å føra heim vass-karet på ei ski.
4. Både mennene, kona, borna og hundane fode heim vatn.
5. No er det ingenting her i bygda som

2. Her himn vatnet, anna som vintraene
nær vass-springarne har frosn.
6. Ein har brúkt å kjeira vatn
himm på slide.
7. No har mest alle her i bygda
innlagt spring-vatn. Dei få som
ikkje har det, har brunnar tett
attmed hús.

1138

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING